



RISØR KOMMUNE

Enhet for plan- og byggesak

Landbruks- og matdepartementet

Vår ref:
2013/412 /LKE

Deres ref:

Arkiv: V60
Løpenr.: 3531/2013

Dato:
07.03.2013

Innspel til høyring om endring i jordlova § 12 frå kommunane Risør og Gjerstad

Ein syner til dykkar melding om endring i Jordlova § 12. Fordi kommunen ikkje fekk oversendt høyringsbrevet frå Fylkeskommunen har ein ikkje hatt tid til å leggja forslaget fram for politisk handsaming. Forslaget er drøfta både internt i kommunen og med dei andre jord- og skogbruks-sjefane i nabokommunane.

På nettsida dykkar finn ein innspelet som Fylkesmannen i Aust-Agder gav. Fylkesmannen er godt kjent med utfordringane i kommunane her i Aust-Agder, og einkan slutta seg til det som står der.

Ein vil likevel presisera fylgjande:

- det er veldig viktig for vårt område, med små og teigdelte eigedomar, at det òg vert tatt omsyn til drifts- og miljømessige ulemper
- det kan ofte vera slik i vårt område, med busettingsutfordringar, at omsynet til busetting går fyrst heile tida. For at me skal oppretthalda det vesle jordbruket me har att er det særskilt viktig å ta omsyn til den dyrka jorda, både at den ikkje vert bygd ned, men òg at det er "greit" å driva den.

Risør kommune sluttar opp om Fylkesmannen i Aust-Agder sitt innspel av 04.02. 2013 der det heiter at miljø- og driftsmessige ulemper og omsynet til busettinga vert tatt inn som ein del av vurderingsmomenta i § 12.

Med helsing

Liv Kirsten Eide
Jordbruksjef i
Risør og Gjerstad

Besøksadresse:

Postadresse:
Postboks 158
4952 Risør

Dir.tlf.: 37 14 96 16
Tlf.:
Fax.:

Org.nr.: 964 977 402 MVA
Bankkonto:
E-post: postmottak@risor.kommune.no
www.risor.kommune.no

